



Drivar Morten Nilsen i dobbeltrolle - som bartender og quiz-leiar.

**Etter påske-suksessen ser leiinga for Systrene Nilsen positivt på framtida. Drivar Morten Nilsen opplysar til uskedalen.no at dei vil halda ope 17. mai og at sommarsesongen startar allereie 1. juni. Det er 2 veker før opprinneleg varsla. Ein entusiastisk Nilsen har allereie sommarprogrammet klårt i store trekk.**

Ein nøkkelperson i programmet blir kokk Anders Stokkebø frå Stavanger, som tiltross for sine berre 25 år allereie er souschef ved Hjelmeland Spa Hotel. I påska lokka han med lam i Uskedalen og utover sommaren vil han lokka med mykje anna godt på spesielle gladmat-dagar, melder Morten.

Levande musikk er ein annan viktig ingrediens og andre faste postar blir quiz på onsdagar og skaldyrservering på torsdagar. Rutinen blir at restauranten fram til 20. august held ope frå onsdag til sundag.

Men førebels skriv vi mai og også i denne månaden vil mykje skje. Mange lukka lag framover fortel om god respons frå folk som vil markera noko. Fredag den 13. opnar Morten dørene for årets første skaldyraften. Han veit at rekene frå Karmøytrakten for tida er heilt fantastiske. Morten lover også levande musikk ved Deb Girnius frå USA, som har imponert drivaren.

Dagen etter, laurdag den 14., blir det på dagtid eit spesielt rebusløp for russen, nærare bestemt klokka 14, med etterfylgjande premiering, heider og ære til russen. Og det blir også russestyr om kvelden, for då kjem Deb att.

16. mai om ettermiddagen blir dørane også opna for då spelar Brann heimekamp! På nasjonaldagen har Morten i alle fall planar om å servera koldtbord i to omgangar, med start 14.30 og 16.30. Han har også påtrykk om opning tidlegare på dagen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen